

# REFERAT FRÅ FAU – møte 15.01.20

## Til stades:

Maren Koch (1. kl), Ingeborg Bø Rolfsen (8. kl), Toralf V. Ladstein (7. kl), Svanhild Eggebø Spanne (3. kl) og rektor Bente Tjelta. Forfall: Ole Henry Asheim (5. kl), Ola Johan Settem (4. og 6. kl),

## Sak 7-19/20 Godkjenning av referat frå møte 29.10.19

Referat blei godkjent.

## Sak 8-19/20 Brev frå Fogn om 17. mai og klassekasse/ 10. klassetur

Jfr sak 6-19/20

Saka blei diskutert, og det blir utarbeida eit forslag til svarbrev til FAU på Fogn. Svaret blir også sendt FAU på Ombo og Sjernarøy. Svarbrevet ligg som vedlegg til referatet.

## Sak 9-19/20 Skulen sin visjon

Jfr sak 5-19/20.

Skulen skal landa på ein visjon innan ein månads tid. FAU hadde ei idemyldring. Stikkord som kom opp var: Røter, vinger, vekst, næring, trygg læring, sosial/fagleg. Men me kom ikkje fram til noko konkret forslag. Dersom nokon andre foreldre har forslag til visjon så send den til rektor Bente innan 15. februar.

## Sak 10-19/20 Chromebook og digital skule

Det er kome ønskje om eit foreldremøte, med fagpanel, om blant anna bruk av Chromebook i skulen. Det blei mellom anna vist til innlegget til Roald Mjølvsnes i Stavanger Aftenblad for ei tid tilbake.

FAU viser til sak 3-19/20 om tilbod om foredraget «Hvordan være foreldre til digitale barn», og vil purra opp svar på det. Dersom me får det til ønskjer FAU å få det til Finnøy. Dette temaet vil etter alt å døma dekkja inn noko av det som blir etterspurt.

## Sak 11-19/20 Fotgjengarovergang ved Fåhagen

Det er kome inn ønskje om fotgjengarovergang ved Fåhagen pga trafikkssikkerhet. FAU sender saka vidare til SU.

## Sak 12 – 19/20 Møte i SU måndag 20. januar

Bente hadde gjennomgang av/orientering om saker til SU-møte førstkomande måndag.

## Sak til neste FAU: 50-årsjubileum for skulen

Referent: Svanhild E. Spanne

FAU Fogn Oppvekstsenter v/ leiar  
FAU Sjernarøy Oppvekstsenter v/ leiar  
FAU Ombo Oppvekstsenter v/ leiar

Finnøy 15/1-2020

Kopi: Rektor ved Finnøy Sentralskule, Rektor ved Ombo Oppvekstsenter, Rektor ved Sjernarøy Oppvekstsenter, Rektor ved Fogn Oppvekstsenter

### **Svar på brev frå FAU Fogn Oppvekstsenter ang rutinar i høve klassekasse 8. klasse**

I Finnøy er det tradisjon for at 10. klasse reiser på klassetur i slutten av skuleåret for å markere at grunnskulen er ferdig.

Turen pleier vera noko elevane ser fram til, og er eit godt mål å strekka seg mot å få til.

For å få til turen må ein ha økonomi som dekkjer reise, opphald og litt aktiviteter. Det er ikkje lov å betale direkte til turen, men ein kan på ulike vis samle inn til å dekke turen.

Det er etablert ulike praksisar på dei ulike øyane for å bidra inn i klassekassen, med turen i 10. klasse som mål. Nokre skular jobbar dugnad i forbindelse med 17. maifeiring (Finnøy og Talgje), anten ved at dei arrangerer sjølv eller i samarbeid med andre lag og grupper. Det er litt ulikt frå år til år kva summen pr elev blir. Denne jobben er lagt til våren i 7. klasse, slik at pengane blir med inn i ny klasse på ungdomsskulen. Andre klassar har ikkje denne ordninga, og kjem inn i ny klasse i 8. klasse utan innskudd i klassekassen.

FAU Finnøy ser det ikkje som aktuelt å bruka opp pengane som blir tjent inn på 17. mai før ein kjem inn i ungdomsskulen, slik Fogn FAU foreslår. (Sjå vedlagte brev, som også er sendt som kopi tidlegare). Å finna på noko å bruka pengane til berre for å bruka dei opp er lite tenleg. Det vil også føre til at ein må jobba ekstra mykje dugnad i løpet av ungdomsskulen, meir enn ein har gjort til no, for å samla inn nok pengar.

FAU Finnøy vil heller oppfordra dei andre øyane til å tenkja kreativt og laga sine egne dugnadar der elevane kan tjena seg opp ein viss sum.

FAU Finnøy ønskjer derfor å spørja alle aktuelle skular, foreldre og føresette i Finnøy kommunedel om det kan vere aktuelt å laga ei eiga ordning som seier at kvar elev skal ha som mål å samla inn ein viss pengesum og ha med seg inn til klassekassen i 8. klasse. Alle øyane/skulane treng ikkje å ha same oppgåver for å tene opp pengane til turen. Målet er at alle skal på ein kjekk tur som avslutning i 10. klasse. Summen som er forespeilt at kvar enkelt har med seg inn i ungdomsskulen er ca 1500 kroner pr elev.

Med venleg helsing

FAU Finnøy Sentralskule v/ Toralf V. Ladstein